



Gangstø Transport lastar av tømmer i skyggen av gigantkrana frå Ugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Børneskaia er ein travel plass om dagen. Ho er ikkje minst prega av at det har vore stor aktivitet i skogen også i Kvinnherad i det siste.**

**Eit betydeleg tømmerkvantum som mellom andre stader kjem frå Herøysund ligg og ventar på sjøtransport. Tømmerbåten kjem torsdag til veka, får uskedalen.no opplyst**

Akkurat no er Gangstø Transport frå Vikebygd i gang med inntransport og tilretteleggjing av Herøysund-tømmeret. Det skjer i skyggen av gigantkrana Uglen frå Ugland i Grimstad, som er på nytt oppdrag på våre kantar og ligg i venteposisjon på Børnes.

Og apropos tømmer: Det vart i første halvdel av dette året hogge meir tømmer i fylket enn nokon gong før. Kvantumet i Kvinnherad var 4.368 kubikk, noko som gjev kommunen sjetteplassen. Gode driftstilhøve, høgare prisar, meir hogstmoden skog og auka konkurranse har drive hogsteni veret.

Og i den andre enden av aktivitetsnivået registrerer ein Børneskaia både som startstad for kajakkpadlarar og ivrige fiskarar frå ymse land..

Av Ola Matti Mathisen